



Desse glade musikantane med dei fine instrumenta vil vera til mykje glede for bygda i åra som kjem!

Vi har tidlegare meldt om at Uskedal skulemusikk er inne i eit forventa generasjonskifte då stødige musikarar gjennom mange år slutta til sommaren pga alder. Derfor er det gledeleg når styret i skulemusikken no har sendt oss denne meldinga med bilde om god rekruttering. Nye instrument med støtte frå Sparebankstiftinga og godt opplegg gjev resultat.

Sjå denne flotte gjengen med musikantar og aspirantar i Uskedal skulemusikk! Ei stor gåve frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad har gjort det mogeleg for oss å skifta ut ein del gamle instrument, og vi starta derfor haustsemesteret med å pakka ut og ta i bruk dei nye, fine instrumenta!

Vi er svært takksame for den rause gåva frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad som bidreg til å gje motivasjon og spegledele til musikantane våre, og som også vil gje fine tonar til bygdefolket.

Hovudinntekta til skulemusikken er sal adventskalendar, og 2019-versjonen av den populære kalendaren er no under utarbeiding. Vi er takksame for dei mange fine gevinstante vi har fått både frå bedrifter og privatpersoner tidlegare år og håpar at det er nokon har mogelegheit til å bidra med gevinstar dette året også. Dersom det er nokon som kan tenke seg å strikka, hekla eller gjera anna handarbeid vil skulemusikken kjøpa inn materiell. Ta kontakt med Haldis Åkra (97 04 38 69) eller Monica Hermann (90635493) så snart som mogeleg dersom du kan bidra.

Tekst og foto: Uskedal skulemusikk, styret.
 Nett: Thor Inge Døssland